



## Notat

Til: Koordineringsrådet

Frå:

Samhandlingskoordinator kommunane, Elin Sørbotten.  
Samhandlingssjef HF, Tone Holvik

Dato: 27.11.2019

Referanse: 201x/xxxx

### *Erfaringskonferanse for psykisk helsevern.*

#### **Oppsummering:**

Erfaringskonferansen blir arrangert anna kvart år (2012, 2014, 2017, 2019 og 2021) i eit samarbeid mellom KS og Helse Førde HF. Her er det mogleg å drøfte tilgjengeleg styringsinformasjon, erfaringar og forbetringspunkt i samhandlinga mellom spesialist- og kommunehelsetenesta. Innhaldet på konferansen skal vere tett knytt til praksis, og relatert til vekslinga mellom spesialist- og kommunehelsetenesta. Vi ser også nærmere på korleis gjeldande samarbeidsavtalar og rutinar fungerer i den praktiske kvarldagen. Målgruppa er leiarar og tilsette både i første- og andrelinetenesta som har sin arbeidskvartdag i dette «samhandlingsrommet».

#### **Faktaopplysningar:**

I den somatiske delen av helsetenesta har vi hatt desse konferansane sidan 2012. Det har vore gode tilbakemeldingar på både program og tid for diskusjonar/gruppearbeid. Arbeidet rundt inn- og utskriving har vore den rauda tråden. Spørsmålet no vert om dei somatiske avdelingane og avdelingane i psykisk helsevern er komne like langt når det gjeld samhandling mellom kommune- og spesialisthelsetenesta.

Kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar innan psykisk helse og rus kom som eit lovkrav 1. januar 2019, medan kravet har vore gjeldande i dei somatiske delane av helsetenesta sidan 2012. Dette fører til at rutinane kring samhandling kan vere ulikt implementert. Pleie- og omsorgsmeldingar og rutinar kring dette har hatt stort fokus for dei somatiske brukarane, medan det ikkje har vore like klåre føringar for korleis samhandlinga kring våre felles brukarar i PHV skal vere.

#### **Tilråding:**

Koordineringsrådet føreslår at vi ved fyrste erfaringskonferanse for PHV i kommunar og helseføretak vel å skilje dette frå dei somatiske avdelingane. Deretter må vi arrangere desse konferansane saman, med eventuelt eigne parallelleseksjonar kring spesifikke samhandlingsrutinar som gjeld den enkelte klinikkk.